

Møteprotokoll

Råd: Valle og Hylestad Sokneråd

Dato og tid: 12.11.2024, 15:45

Stad: Valle kyrkjekontor

Saksmappe: V&H2024-32

Til stades: Gudrun Sagneskar (Leiar), Kristine Kleiveland (Medlem), Liv Gunn Viki (Medlem), Margit Homme (Varamedlem), Torleif B Harstad (Varamedlem), Torstein Bjørgum (Nestleiar)

Forfall: Arne Tronsen (Medlem), Knut Hagen (), Knut Olav Uppstad (Medlem), Kristian Mosvold (Medlem)

Protokollfører: Toralv Frøysaa Lie

Prost Rune Stormark møtte som geistleg representant i møtet. Prostiprest Kristian Mosvold var med i starten av møtet. Rune Stormark, Margit Homme og Toreiv Harstad forlet møte før sak om budsjett.

Sakslista

Faste Saker

- 057/24 FR - Godkjenning av innkalling og saksliste
- 058/24 Fellesrådet og Soknerådet har kvar sine særskilte oppdrag
- 059/24 Leiar i soknerådet orienterer
- 060/24 Kyrkjeverja orienterer
- 061/24 Presten orienterer
- 062/24 Førespurnad

Møtesaker

- 063/24 FR - Parkeringsplass ved Valle kyrkje
- 064/24 SR - Takkoffer på gudstenester 2025
- 065/24 SR - Kyrkjevert på gudstenestene i 2025
- 066/24 SR - Samtale om og fastsetting av regler for møtekultur og sakshandsaming i rådet.
- 067/24 SR - Val av leiar og nestleiar av Valle og Hylestad SR / FR for perioden 2024-2025
- 068/24 FR - Tilsvar til kommunedirektørens budsjettforslag for kyrkja i 2025

Orienteringssaker

- 00048 FR - Kommunedirektørens budsjettforslag for kyrkja i 2025
- 00049 Minnelund - framdrift

Margit Homme
Varamedlem

Torstein Bjørgum
Nestleiar

057/24 FR - Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	12.11.2024	057/24

Forslag til vedtak

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Vedtak

Innkalling og saksliste vart **einstemmig** godkjent.

058/24 Fellesrådet og Soknerådet har kvar sine særskilte oppdrag

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	12.11.2024	058/24

Forslag til vedtak

Tatt til orientering

Vedtak

SR / FR tek orienteringa til etterretning.

059/24 Leiar i soknerådet orienterar

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	12.11.2024	059/24

Møtebehandling

Frådeling av festegrunn omgjort til grunneigedom for Valle og Hylestad sokn som overtek heimelen.

Vedtak

SR / FR tek orienteringa til etterretning.

060/24 Kyrkjeverja orienterer

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	12.11.2024	060/24

Møtebehandling

Orientering om Minnelund og gravplassvedtekter. Det blir eit ope møte torsdag 14. november kl 18 i kyrkjestoga. Hallvard Homme frå Plankontoret og Kyrkjeverja er med.

Vedtak

SR / FR tek orienteringa til etterretning.

061/24 Presten orienterer

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	12.11.2024	061/24

Møtebehandling

Prostiprest Kristian Mosvold orienterte om oppstart i tenesta. I helga som kjem er det konfirmantleir med frivillige og tilsette. Avslutning med gudsteneste i Bykle kyrkje. Prestane har lagt planar for teneste og gudstenester ut året og fram til neste sommar.

Prost Rune Stormark orienterte om den økonomiske situasjonen. Overføring av pengar frå staten til kyrkja er redusert. Det er ikkje signal redusert presteteneste på kort sikt. På noe lengre sikt må ein førebu seg på mindre ressurser.

Ein må tenke meir i retning av frivilliheit. Tenke gjennom møtepunkt det er viktig å take vare på.

Vedtak

SR / FR tek orienteringa til etterretning.

062/24 Førespurnad

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	12.11.2024	062/24

Forslag til vedtak

Tatt til orientering

Møtebehandling

Spursmål om verneplanen.

Har utvalet fått signal frå Fellesrådet om at ein må ha ei ryddig avgrensing av gravstøtter som skal takast vare på.

Kyrkjeverja i Birkenes har erfaring frå arbeid med verneplan i Bykle og Birkenes. Ho har hatt eit møte med utvalet og gitt vegleing og hatt samtale om arbeidet. Utvalet har fått eit godt fagleg grunnlag for å arbeide vidare med verneplanen. Det er SR / FR som skal fatte vedtak i saka.

Vedtak

SR / FR tek orienteringa til etterretning.

063/24 FR - Parkeringsplass ved Valle kyrkje

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	12.11.2024	063/24

Vedtak

Soknerådet har ingen innvending mot planforslaget.
Planforslaget har plass til 40 bilar inkludera 2 til handicap.

Samrøystes vedteke.

064/24 SR - Takkoffer på gudstenester 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	12.11.2024	064/24

Forslag til vedtak

Valle og Hylestad sokneråd vedtek framlagte forslag til takkoffer for 2025.

Administrasjonen legg takkoffer inn i gudstenesteplanen.

Møtebehandling

Vedtak

Valle og Hylestad sokneråd vedtek framlagte forslag til takkoffer for 2025.

Administrasjonen legg takkoffer inn i gudstenesteplanen.

Samrøystes vedteke.

065/24 SR - Kyrkjevert på gudstenestene i 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	12.11.2024	065/24

Forslag til vedtak

Rådsmedlemmene blir oppmoda til å ta på seg tenesta som kyrkjevert på gudstenestene og skriv seg opp på ei liste.

Vedtak

Administrasjonen lager liste over kyrkjeverter som har meldt seg til teneste og fyller på med andre medlemmer / varamedlemmer av rådet, og andre frivillige.

Samrøystes vedteke.

066/24 SR - Samtale om og fastsetting av regler for møtekultur og sakshandsaming i rådet.

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	12.11.2024	066/24

Forslag til vedtak

Valle og Hylestad FR/SR fastset etter § 10 i virksomhetsforskrifta nærare reglar for møtekultur og sakshandsaming slik:

Vedtak

Valle og Hylestad FR/SR fastset etter § 10 i virksomhetsforskrifta nærare reglar for møtekultur og sakshandsaming slik:

1. I Valle og Hylestad Fellesråd / Sokneråd (FR/SR) gjeld §2 Møteprinsippet - Alle saker handsamast «i møte».
2. Meiningsutveksling er naturleg. Når ei sak er avgjort i rådet skal det vere ro om denne saka. Dette gjeld til eventuelt nye moment blir lagt fram som gjer grunnlag for ny handsaming.
3. Saker som skal opp i møte må meldast til administrasjonen i god tid slik at Arbeidsutvalet kan førebu sakene.
Møteplan for FR/SR blir fastsett i møte og er offentleg.
Møteplan for Arbeidsutvalet blir fastsett av AU og er offentleg. Vanlegvis er desse møta lagt 14 dagar før Rådsmøta.
4. SR/FR kan ta opp saker som blir meldt i møte dersom det er fleirtal for det.
5. Møter i rådet er som hovudregel opne. Tilhøyrarar skal halde seg i ro ikkje kome med ytringar om saker som er oppe til handsaming.
6. For å sikre at møtet er trygt for meiningsutveksling bør ein vere varsam med å dele frå møtet utover det som er protokollført.

Dette vedtaket SR-sak 066/24 blir sett saman i eit hefte med SR sak 11/24 Retningsliner for møteinnkalling, FR-sak 10/24 Delegasjonsreglement for Valle og Hylestad sokneråd / Fellesråd og SR-sak 18/24 Økonomireglement for Valle og Hylestad kyrkjelege fellesråd.

Einstemmig vedteke

067/24 SR - Val av leiar og nestleiar av Valle og Hylestad SR / FR for perioden 2024-2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	12.11.2024	067/24

Vedtak

Etter skrifteg avstemming vart følgjande vald:

Torstein Bjørgum leiar - 6 røyster

Gudrun Sagneskar nestleiar - 6 røyster

Ein blank stemme.

068/24 FR - Tilsvar til kommunedirektørens budsjettforslag for kyrkja i 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	12.11.2024	068/24

Vedtak

Kommunedirektøren har lagt fram forslag til budsjett for kyrkja i 2025. Det er foreslått same kronebeløp i rammeoverføring som i 2024. Tre prosjekt er sett opp utan prioritering.

Deflator for 2024 er sett til 4,1%. I kommunen er denne brukt på stillingar, men ikkje på varer og tenester. I kyrkja har ein ikkje fått dette tillegget. Dette meiner FR er urimeleg. Storparten av kyrkja sitt budsjett går til løn. To av våre tilsette har gått på pensjonistløn. Nå har me nye tilsette som skal ha løn etter tariff.

Revisor har gjeve tilbakemelding til Fellesrådet at rammeoverføringa har stått stille i fleire år.

Budsjettforslaget til kommunedirektøren skal opp til politisk handsaming i kommunestyret. Fellesrådet ber kommunestyret legge kommunens deflator på 4,1% til rammeoverføringa - når det gjeld lønsmidler.

Fellesrådet tilrår at festeavgifta vert auka frå kr 1000 til kr 1200 for ein tiårsperiode.

Einstemmig vedteke.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	12.11.2024	00048

00048 FR - Kommunedirektørens budsjettforslag for kyrkja i 2025

Informasjon

Kommunedirektøren har lagt fram budsjett for kyrkja i 2025. Kommunen vedtek budsjettet i møte 27. november.

I forslaget er det ingen endring frå budsjettet i 2024. Det er tre prosjekt som er lagt inn utan prioritering.

Orienteringssaka vert gjort om til eiga sak.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	12.11.2024	00049

00049 Minnelund - framdrift

Informasjon

Namna minnelund er nå godkjent av Statsforvalteren i Vestfold og Telemark. Det er merknader me tilråing me må ta med i arbeidet vidare.

Minnelunden er nå nær ferdigstilt. Det blir ferdigsynfaring tysdag 5. november med entreprenøren og plankontoret. Så vil det vera 1-års garantibefaring, på same tid om 1 år, i tilfelle det er noko ved arbeidet og levert materiell som ikkje held mål.

Gravferdsvedtektene er lagt ut på høyring, og me har motteke eit par høyringssvar pr dato.

Me vil ha eit ope møte i Kyrkjestoga torsdag 14. november der me informerer om Minnelunden og dei nye gravplassvedtektene. Dette blir annonsert i Setesdølen, og me vil prøve å få inn ein omtale av Minnelunden slik at det blir godt kjent.

Hallvard Homme frå Plankontoret blir med, og likeså dei med ansvar i gravstellet i samarbeidet med kommunen.